

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Tilleggsspørsmålnr. 1

Emne: Røter. Ymse attåtfor.

Oppskr. av: E. Tidemann

(adresse): Kjerringøy

Fylke: Nordland

Herad: Kjerringøy

Bygdelag: Os

Gard: Stranda.

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både - og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Lærar &amp; bonde.

## SVAR

I. Røter I bygda her har det ikkje vore sanka røter til fôr i marns minne. Effen eg arbeidde nokre år i Sjøfolla og <sup>der</sup> snakka eg med folk som sanka røter til fôr. Men sidan det vart betre drift av jorda er det no slutt med det attåt-føret. Det var i krigsåra 1914-18 at sune i Sagfjordgrenda i Sjøfolla var i "mältförskogen" og sanka røter til kreturfôr. Eg var ikkje med sjölv, men eg sag sanka røter på gardane. Eg snakka med sune som hadde sanka. Ei kone, som no er i 80 åra fortalde at i hennar barndomstid på Leirfjordgard i Sjøfald var det vanleg at dei sanka røter til kreturfôr og at dei heldt røtene fôr å vera eit sers godt fôr, jam godt med høi. No er det heilt slutt med det slags fôr og det er nok sekk-gjødsla som har skulda. Med sekk-gjødsla vart det betre jorddyrking og med det meir fôr på heimebøen. Ut-slutt og sanking av attåtfor er det slutt meir no.

2. Her har ikkje vore sanka kvekerøter

3 og 4. Andre røter vert heller ikkje sanka.

B1. Bryner. Her i bygda vert ikkje bryner nytt



som fôr. Men i fôrre heimskrigen, 1914-18, då eg budde i Sagfjordgrenda i Løvfalla var eg med og nytta beugner som fôr. Vi sloy gras og tûrka det som anna gras, helst roko mindre så ikkje dei små blada skulle ry av og oppvara det i lôa som vanleg hoj. Eg tok ikkje beugnerôter (moldfôr) men sâme av grunnare. Dei tok moldfôret både om høsten og om våren, om det var naudar på fôr.

2. Det var berre beugnerôtene som vart kalla moldfôr - eller moldfôr.

3. Moldfôret vart oppvara i uthus - ein sjug, ei sval eller liknande. Rôtene vart lagt i ein dunge burt; ei krå med eit eller anna over dungen, t. d. gamle sekkar, papir, potetgras eller liknande så atkje rusk eller rusk skulle koma til rôtene.

4. Moldfôret var rekna som godt fôr.

5. Eg l. Bjørnkam vart ikkje nytta. Moldfôret var nytta berre i nødår. Eg har ikkje kjennskap til at det vart nytta under siste verdenskrigen.

## II Tang og hare.

Tang. Tang har i i minnelege tider vore nytta som fôr; men berre som nødfor. Eg har kjennskap til bruk av tang som fôr frå eg var barn og heilt til dei siste åra. Det vart særlig og bruka av einskilde under siste krig. Men det har minka i bruk etter kvart som åra har gått. For 25-30 år sidan var det heilt vanleg her i bygda. Ja, ikkje berre i denne bygda; men eg kurr i dei fleste sjøbygdene i Nordland. Men så



fekk böndene tilskot til jorddyrking og sam-  
 stundis kom sekkgjødsla. Ný jord var dyrka  
 og gamal var gjört bekk. Samstundis fór  
 agronomane rimdt i bygdene og preika for  
 kallane og kjerringane ~~at~~ <sup>om</sup> at det var be-  
 kre á ha berre ei skú og ha gagn av ho  
 enn á ha tre og ikkje gagn av nokon  
 Alt dette - og meir til har fört til at no  
 vert det ikkje sett i vinterfór fleire dyr  
 enn det marka gjev mat til. Og er  
 det eit hende at varen vert for lang og höj-  
 stabben for liten for ein bonde så vert  
 det heller kjøpt för - stráför eller knuff-  
 för. Der er ikkje manskap på garden  
 stort nok til á gå på langfjara.

2. Tingen künne ta lang före nyttar, ikkje  
 för ut i januar eller februar. För var det ikkje  
 stort nok. Men det var dei færaste som hadde  
 slik "bunöd" at dei måtte på langfjara för  
 ut i mars eller april. Tanget var best til  
 för i dei to månadene. Vår det leid ut i  
 mai "kom det gror i tanget", vart det sagt og  
 då vart det vrangare á fá dyra til á eta det.

3. Ein skar tanget med sigd. Men hadde ein  
 ikkje det gjekk det og ann á rýlla kollekniven.

4. Fövde det slik at ein nådde til langfjara  
 med hest hadde ein vognkista på sleden  
 og kjøpde tanget heim. Hadde han ikkje hest  
 var det á ta tanget i sekke, legg han på ein  
 kjelke og så dra. Men måtte ein ut på  
 skjara eller i fjane eller det, vart tanget  
 lasta i båt og rodd heim og så kjøpd, drige  
 eller bore til gards alt etter som höve var.

5. För tanget vart gjeve som för måtte det "döjle"



(döjvess - döjvass). Som offast vart det gjort på den måten at ein sloz kokande varmt vatn over tanget. Eller tanget vart hatt i gryte eller kjel og vermt opp saman med vatnet. Tanget fekk med det ein annan lèt. Det skifta frå brunt til grøn-gult. Det gav og frå seg noko salt. Loet (soddet) var for salt og vart pasta ut. Hadde ein fiskeavfall vart det "löyp", d. v. s. gjeve eit oppkok, for seg sjölv. Fiskeavfallet vart så blanda saman med tanget i koppar og kar og gjeve lit. kün, säu og geit. Hadde ein ikkje fiskeavfall blanda ein mjöl saman med tanget. Dyra måtte vera mjökje svoltne om dei skülle eta tanget utan at noko var blanda i det.

Tanget måtte bli föra med det var ferst. Det tolte ikkje ä ligge eller laka gjer. Dyra ville ikkje eta det dä.

Det var ikkje alle dyra heller som ville eta det. Dei ~~mätta~~ fliste måtte bli opplært lit det og sume lærte det aldri.

Tanget var sett på som nöudföör. Men det er nok av det, lèt ä gå tak i og diför det nöudföoret ein opp over Nordland först greip lit när det sjönts seg at det vart bünö (bunaud) d. v. s. för like sträför lit ä föra dyra fram med.

Tare.

Taren si vokstertid er mars, april, mai. Det vert dä <sup>berre</sup> og om vären ein kan ta taren like eins som det er om sumaren ein kan ta grasit. När det lid ut i juni er taren jülwaksen og losnar frå botnen og driv



5  
i land. Då er han lite brukande som fôr  
2. Taren veks ikkje på sjølve fjara, men frå fjara-  
målet og utover helst på fluer og dranglar.  
Han veks heller ikkje inn i fjordane, men  
heller ut mot opne havet der det er god  
strøm og noko drag i sjøen.

Når taren ikkje veks på fjara fell han  
heller ikkje lorr og må derfor bli fisket  
opp av sjøen. Først må ein skjera ban av  
nere ved rota og så dra dei lange blada  
inn i båten. Som reidskap vert nytta ein  
"hareljåg". Han er laga av ein vanleg 4 kvart  
ljåg som er hogd av på midten. Den parton  
som høkjen er på vert festa til ein 4,5 m  
lang stav og ein har ein hareljåg. Taren  
vert alltid tatt ved fjara sjø. Då kan ein  
med eit 4,5 m lang skaft nå med til rota  
av taren.

3. Taren vert som ovanfor nemnd samla inn  
i båten og førd til heimestøa. Frå båten vert  
han boren i stampa. Det vert eit slags mæl.  
Ein har tatt så og så mange stampar tare.  
Frå sjøen vert han anten kjørd, dregen  
eller loren.

4. Taren vert brukt som fôr anten til kyr  
eller hestar, mindre til smiye. Ein gjev  
taren til dyra anten fersk eller tårka. Summe trur  
den tårka taren er best, andre at den ferske  
er best. Personleg trur eg det kjem mest ann på  
innstillinga åt dyra. Summe stjer et lang og tare  
godt, andre vil ikkje bita i noko av dette, for svært  
dei ihel. Fôrar ein fersk tare vert han først döggd.

5. Ein rekmar taren for å vera godt åttåttfôr, det  
beste ein kan få, og bra betre enn tangel. No,  
tangel vert det mest berre flytande gjødsel og



6  
ein örtar tek ikkje ert av tanget. Eit mjölka-  
dyr stultar å gjeva mjølk vert det föra med tang.  
Det er då helst ikkje mjølkadyr som skal ha  
tanget. Onnoleis er det med tauren. Av han  
vert det meir fast gjødsel, og ein örtar tek ert  
av tauren. Like eins gjev eit mjølkadyr ikkje  
så seer lite mjølk heller og smörret held  
den gulle leten. Av tanget vert det vesle  
smörret mest kvit-grätt.

### III Anna föi av planter.

Sea opp over Nordland er det lite ertur som  
vert dyrka. Tisste krigen vart det dyrka nok  
og då vart erturiset nytta til föi som anna  
höjefen no kjenner og ikkje til at nokon  
dyrkar ertur.

Krapalauv er utkjende vart her.  
Derimot veks her år om anna mjøkje rogne-  
ber. Men det er få som ryller nok av  
den bara til föi. Ein og annan tek nok  
særkar bara og nytta ho som föi til hönsa

### IV Hestemökk.

eg har ikkje kjennskap til at hestemökk har  
vore nytta som föi til husedyr av nok  
slag. Folket her ute ved havstranda har  
ikkje sokke så djupt i ufjörvad at dei  
har föra dyra sine med mökker. Dei  
har hatt for lett höve til å vta i tang  
og/ eller tare til afför om det kneip  
Men i krigstida sag eg at Aysk-  
hestane ät si eigi gjødsel. Men då  
var dei og så utsvolne at dei döjde av  
hunger.


### V. Lösreför.

1. Lösreför - döja, blöjfa - vert nok brüka



~~betre~~ enda på dei gardane der arbeids-  
hjelpa er stor nok. Er arbeidshjelpa litamå  
nå nok djra klara seg med det tørre højet  
og kaldvatnet.

Mange av gardane har eldstad i fjøset,  
anten bryggepanne eller grøve (peis). Sumne  
har særskild eldhus, anten med panne eller  
grøve. Dei som har tid og høve til å koka åt  
djra kokar der det høver deim best ~~at~~ anten  
på grøva i fjøs eller eldhus eller på kom-  
fjeren i kjøkenet. Djra får bløyta i ein stamp.  
Desse stampane får ein ves å saga av ei  
sildtønne på midten. Han får då to stampar  
av ei tønne. Men før, då det var betre om  
arbeidshjelp på gardane, arbeidde bøndene  
særskilde fjøsholker. Dei var noko mindre  
enn ein sildstamp og brongast øvst,  
i eldre tid - for 50-60 år sidan - banda  
med treband, i seinare tid med jarnband.  
To av stavane var holka ut handtak.  
Dei stavane måtte difor vera noko len-  
gare enn dei andre. Sjå teikninga.



Holke.

Når det galdt varm mat  
til djra skilde budeiane  
det omgripet i 3 grader:  
1. å løy, 2. å løyja, og 3  
å koka.

Skulle djra ha bløyta  
d. v. s. høj, agner o. s.  
bløytt i eit kjerass, lya budeia vatnet  
d. v. s. varme vatnet ikring mjølklytt  
og slog det over fjøset i kjeraldet. Skulle  
djra ha innmat av fisk, slikt som  
fiskemaga, iselge, rogn, eller ein buddet



sild til dyra måtte desse sakene bli løypt. Med det meinte dei budeia at desse sakene måtte bli vernd opp til kokepunktet. Du vart på ein måte halvhoku og dyra at dei betre enn om dei var rå.

Men hadde budeia fiskerjaggas og/eller fiskehovud måtte dei verta kokt, og kokt så mykje at beina vart mjøre noko til å bli ~~ent~~ etne av dyra.

2. Til bløyta nytta dei høij, halm, agnes og høijfrø. På halmen vart drossa noko mjøl, men ikkje på høij, agnes og høijfrø. Når ein nytta mjøl var det av bygg, hest av lettorn, då tungkornet vart nytta til folkemat. Bløyta vart nytta berre til mjølkedyra.

3. Mjöldrikket måtte vera varmt og vart gjeve nybertua som eit slag barnsengmat. Men bløyta får mjølkertua så lenge ho står inne. Det føret kjem som tilskot til opphaldsføret og skal vera det tua skal mjølke av.

4. Rogneber er ikkje blitt nytta som fôr her.

5. Drank er ukjend hjå oss så her skkje er brunnerier i Nordland.

6. Det næraste ølbrggeriet er i Bodø. Det er ikkje førd mask frå det brggeriet til nokon av dei bygdar og er kjend i. Men eg veit at bøndene rundt Bodø har kjørd avfall frå brggeriet.

VI Fiskeavfall.

Fiskeavfall vert her årvissst nytta som fôr av fleire fjøsegarar. Men bruket er gått i minke eller som åra har gått. Grunnane kan ha vore så ymse; Meir og betre høij, lettare



å få tak i kerafför (mais, sildmjöl o. m.) og mindre om arbeidshjelp. Vidare må eg òg nemne at det er mindre om fiskeavfall no enn for 40-50 år sidan. Til hundrearskiftet var det slik at fiskarun tok med seg heim fiskehovuds og ryggar av sin part av fisket. Om ein båt hadde fiska så mykje at det var 1000 fisk på kvar luv, hadde kvar mann 1000 torstehovuds med heim. Dei skulle dyra eta. No vert både hovud og ryggar selde til fiskemjølfabrikane. Det vert då berre fisket på heimsjørn som gjev avfall til dyra og det vert etter måten heller lite.

Dei som får tak i fiskeavfall nyttar det ikkje berre som nòdfoi i tår, men som tilskaffor - alltså for held til dyra som mjølkas, storfe som sonåfe. Det vert difor òg nytta i nosida.

2. No er det i grunnen så lite fiskeavfall som vert nytta til foie <sup>alt</sup> som vert salt, vert nytta ferskt. Men i den tida ein lofothar kom heim med eit - to tusen torstehovuds var storparten turka utover varen for å bli bruka til foie neste vinter. Sloget - mager, rogn og iselja - var òg vert for det mesta nytta ferskt. Men i seinare tid har somme hatt til å salta i tunner og fat iselje og den rogn som ikkje er handels vare. Anten ein brukar desse sakene ferske eller salta vert dei allstøtt kokaførst.

Skal ein bruka silda til foie vert ho kjøpt om ho er fersk; men nå om ho er salta.



3. Når ein hadde høve til å bruke både fiske-  
 avfall og tang til for vart tanget döggd  
 og fiskeavfallet löggt kvar for seg, men  
 blanda saman i stampene. Söet (soddet)  
 tanget var döggd i vart kasta burt, ondan  
 söet av fiskeavfallet vart nytta til dytt.  
 Mange nemnde då det arbeidest for a  
 "kok söet" og "å gje söet". Dyra var  
 meir glad i söet fiskeavfallet og det söet  
 enn i tanget og bruke difor det til å  
 settja smak på tanget for å få dyra  
 til å eta dette.

4. Folket har halde söet (soddet) for å vera  
 det mest verdfulle for dyra. Om dyra  
 ikkje ville eta fisken og jeller beina  
 måtte dei iminsto drikke söet.

5. Til ~~fiske~~ dyremat er nytta mest alle  
 sorten fisk som finns i fjordane her,  
 såleis all slags somafisk av torsk, sei  
 hysse og steinbit, vidare småsilb, lyr  
 skata, rognkall, hå, spüs (blekspüs)  
 o. m. fl.

6. Söet vert helst koka på eldstaden i fjösel, eller i eld-  
 huset. Har ein på garden ikkje nok av dette omå  
 ein bruke komfjeren i kjøkenet.

7. Fiskeavfall kan ikkje vera hovudmengda av  
 föet. Det må sträpöret vera, eller det föet som  
 ein örtar sek ör. av s. d. höj, ljäng, tare,  
 skav, ris o. l. Dyra vert föra to gong for dag,  
 morgon og kveld. Det er den mest naturlege  
 föringa. Men sume förar tre gong for dag.  
 Den som då brukar attä föer gjev det midt  
 på dagen. Kalle får dyra attä föret til  
 kveld. Å kunne gjeva eit skjema over kor



mjølkefôr av kvart slag eit dyr får er råde-  
 læst. Det same dyret får ikkje like mjølke  
 eller same sort fôr til alle tider. Det kan  
 skifta av så gjense grunnar: Om dyret er  
 stort eller lite, om det er ungt eller ga-  
 malt, om det er varmt eller kaldt, fjøsel,  
 om det mjølkar eller ikkje. Såleis må ei  
 kû med ei livande vekt på 500 kg ha meir  
 enn ei på 300 kg. Like eins må eit dyr  
 s. d. ein okse, ha meir mat og anna mat  
 vert det fôra med tanke på slakting enn  
 om ein fôrar dyret berre for å halda  
 livet ved lag.

Det som er skrive her er skrive  
 mest med tanke på kû, sau og geit,  
 mindre med tanke på hesten og utan  
 tanke på grisen.

Kjerringøy i sept. 1948.

Tidemann

1933  
 NORSK ETNOLOGISK GRAUSKING  
 adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
 BYGDØY